

Forslag til Regionrådet 27.05.16

Mandat - Utval for nærings- og samfunnsutvikling i Region Nordhordland

Mandat for Utval for nærings- og samfunnsutvikling er heimla i Regionrådet sin strategi for interkommunalt samarbeid og er nedsett av Regionrådet. Mandatet er godkjent av Regionrådet i møte 27. mai 2016.

Målsetting

Utvalet for nærings- og samfunnsutvikling skal vera Regionrådet sitt organ for politisk samarbeid innan fagområda. Det skal vera eit organ som arbeider med overordna strategisk satsing og utviklingsarbeid på vegne av heile regionen.

Arbeidsoppgåver

Utval for nærings- og samfunnsutvikling skal vera eit koordinerande organ for samarbeid innan næring og samfunnsutvikling. Utvalet skal på vegne av Regionen ha fokus på saker som er viktig for regionen innan nærings- og tenesteutvikling, samferdsel (kollektiv, veg, bru, trafikktryggleik RTP, NTP m.v.), bu- og arbeidsområde og reiseliv. Utvalet får oppgåver frå - og rapporterer til Regionrådet. Utvalet kan sjølv ta initiativ til - og fremja saker for Regionrådet.

Utvalet skal:

- ha fokus på oppfylgning av tiltak i «Interkommunal plan for nærings- og samfunnsutvikling»
- vera eit samlande organ i høve kommunane sine innspel til samferdsel og kollektivtilbod og digital infrastruktur
- ha kontakt og dialog med næringslivet og vidareføra dialog med Nordhordland Næringslag, Osterøy Industrilag, Gulen og Masfjorden Næringsråd m.v.
- ha kontakt og dialog med virkemiddelapparat som Industriutvikling Vest , Nordhordland Næringshage, Gulen og Masfjorden Næringshage m.v..
- følgja opp organiseringa av og leggja til rette for utvikling av reiselivet i Nordhordland
- ha fokus på at vidaregåande skular i regionen er tilpassa det offentlege og private tenestetilbodet
- vera eit rådgjevande organ for Regionrådet når det gjeld saker innafor mandatområdet

Utvalet kan på eige initiativ oppretta arbeidsgrupper/ad-hoc utval.

Organisering/samansetjing

Utvalet består av tre ordførarar (valt av Regionrådet) og har sekretær frå NUI. Medlemmene vert valt for 4 år(valperioden). Leiar og nestleiar er utpeika av Regionrådet.